



SKJÅK KOMMUNE

Vilt og fisk møte nr 3-21
Møte: Fysisk (Bispen) / digitalt
Dato: 19. mai kl 19:30

Møtt	Faste representantar	Møtt	Vara (personlege):
x	Morten Brekkum, leiar		Thorstein Aamodt
x	Per Øyvind Ørjasæter		Marianne Stensgård
	Heidi Banken Fallingen		Øystein Breie
x	Randi Rust		Liv Oddrun Maurstad
x	Per Dagsgard		Stig Erlend Banken

Sekretær: Tor Taraldsrud, tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Sakliste

3. Endring av forskrift om minsteareal for elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune1
4. Forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2026 i Skjåk kommune2
5. Bestandsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2023 i Skjåk kommune3

3. Endring av forskrift om minsteareal for elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune

Saksdokument

Saka har vore på offentleg høyring og ettersyn – saksdokumentet ligg vedlagt (2021/1192-1).

Saksutgreiing

Forslaget til nye minsteareal var lagt ut til offentleg høyring og ettersyn med høyringsfrist 18. mai. Det kom ingen innspel.

Vurdering

Sidan det ikkje kom innspel blir framlegget i vedlegget uforandra.

Innstilling – jf vedtak i utval for vilt og fisk 03.04.21

<i>Heile/deler av kommunen</i>	<i>Elg minsteareal daa</i>	<i>Hjort minsteareal daa</i>	<i>Rådyr minsteareal daa</i>
<i>Skjåk Almenning</i>	<i>3000</i>	<i>2000</i>	<i>4500</i>
<i>Skjåk utmarksråd</i>	<i>2000</i>	<i>300</i>	<i>1500</i>

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 6.

Handsaming: Samrøystes

Vedtak

<i>Heile/deler av kommunen</i>	<i>Elg minsteareal daa</i>	<i>Hjort minsteareal daa</i>	<i>Rådyr minsteareal daa</i>
<i>Skjåk Almenning</i>	<i>3000</i>	<i>2000</i>	<i>4500</i>
<i>Skjåk utmarksråd</i>	<i>2000</i>	<i>300</i>	<i>1500</i>

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 6.

4. Forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2026 i Skjåk kommune

Forvaltningsplanen inneheld målsettingar for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. Måla skal ta omsyn til mellom anna beitegrunnlag, viltpåkøyrslar, skader på naturmangfald, beiteskader på skog og innmark. Planen gir rammer for godkjenning av bestandsplanar, tildeling av fellingsløyve og oversikt over grunnlaget for bestandsvurdering. Til slutt i planen er det skriva ein del om når kommunen kan gje løyve til skadefelling av hjortevilt som gjer skade.

Planen har vore ute på høyring med høyringsfrist 22. april. Det kom ikkje inn innspel til planen.

I samband med drøftingsmøtet med dei to valda i Skjåk diskuterte vi om ein skulle ta med storleik på vinterstamma i planen. I forslaget som var ute på høyring var det skriva fylgjande:

Elg: Stabil bestand med eit jaktuttak på 55-75 elg pr år.

Hjort: Stabil bestand med eit jaktuttak på 80-120 hjort pr år.

Sidan det i bestandsplanen (sjå neste sak) er skriva ein del om teljingar av vinterstamma både for elg og hjort kan det vera greitt å synleggjera kor stor vinterstamma er ved jaktuttaka skissert over. Ei slikt estimat bygger på ein del føresetnader som kan endre seg, men trur det likevel kan vera hensiktsmessig å ta med fylgjande:

55-75 elg pr år tilsvarar ein vinterstamme på 275-338 (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,57, sett ku/ukse - 1,22, fallvilt – 31).

80-120 hjort pr år tilsvarar ein vinterstamme på 329-463, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,59, sett hind/bukk – 1,02, fallvilt – 18).

Innstilling

Forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2026 i Skjåk kommune, blir vedteke med tillegget over.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 3

Handsaming

Samrøystes

Vedtak

Forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2026 i Skjåk kommune, blir vedteke med tillegget over.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 3

5. Bestandsplan for elg, hjort og rådyr 2021-2023 i Skjåk kommune

Skjåk Utmarksråd (SU) og Skjåk Almenning (SA) utgjer eit bestandsplanområde og søker om bestandsplan for elg, hjort og rådyr i perioden 2021-2023 – sjå vedlegg.

Skjåk kommune har ein godkjent forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr. Denne har seks definerte mål til bestandsforvaltninga som til saman konkluderer med fylgjande bestandsstorleik:

Elg: Stabil bestand med eit jaktuttak på 55-75 elg pr år tilsvarar ein vinterstamme på 275-338 (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,57, sett ku/ukse - 1,22, fallvilt – 31).

Hjort: Stabil bestand med eit jaktuttak på 80-120 hjort pr år tilsvarar ein vinterstamme på 329-463, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,59, sett hind/bukk – 1,02, fallvilt – 18).

Både elg- og hjortebestanden har i dei to førre periodane vore større en måla både i forvaltningsplanen og bestandsplanen.

Elg

Det ser ut til at elgbestanden er "over toppen", både sett elg pr jegerdagsverk og 7-dagsteljing indikerer at den er på tur nedover. I 2020 var det ein snørrik og kald vår, ein stor del av elgbestanden beitte truleg på innmark. Ein telte da ein minimum vinterstamme på 327 elgar. Ut i frå dette har bestandsplanområdet estimert kalveproduksjon og bestandsutvikling ut i frå to tenkte vinterstammer på 375 og 400 elg. Estimata syner at jaktuttak på 100 elg i året gjer at ein kjem ned til det bestandsnivået ein ynskjer i løpet av dei neste tre åra. Dersom vinterstamma derimot var 450 dyr på våren 2020, ville tilsvarande uttak knapt ha redusert stamma. Men sidan eit jaktuttak på 130 elg hausten 2019 såg ut til å redusere bestanden fram til hausten 2020, tyder det ikkje på at vinterstamma var så stor som 450.

Det er usikkerheit til slike estimat, det er derfor viktig at ein er sikker på å ta ut minst 100 dyr fyrste året i denne perioda slik at bestandsnedgangen held fram. Bestandsplanområdet disponerer 30 skrapdyr i tillegg til kvota på 100. Det er ynskjeleg at også desse blir brukt i starten av planperioda slik at ein raskare kjem ned på rett bestandsnivå.

I ein periode med reduksjonsavskyting er det etter kvart fornuftig å skjerme gode produksjonsdyr for å unngå kollaps i stamma. Det kan gå raskt å redusere stamma om ein tek ut gode produksjonsdyr, men om ein gjer det i for stor grad kan det gi negative utslag på kondisjon (bestand dominert av unge dyr, med sein brunst og forsinka kalving). Dei siste åra har andelen ku 2,5 år og eldre auka i avskytinga, medan kvige (1,5 år) har minka noko. Ein avskytingsmodell der ein går tilbake og skiljer ut kvige (1,5 år) som eigen kategori kan derfor vera fornuftig.

Avskytingsmodellen legg opp til høgt uttak av unge dyr medan store produksjonsdyr blir spart. Det blir derfor ekstra viktig å få ut tilstrekkeleg antal dyr.

Hjort

Hjortebestanden held fram med å vekse tross rekordavskyting år etter år. Det tydar på at den i stor grad er påverka av migrasjon. Det er derfor knytt stor usikkerheit til om ein klarer å komme ned til bestandsmålet. Bestandsplanområdet hadde ei vellykka minimumsteljing på 711 hjort i slutten av april og har utifrå den vinterstamma laga ei ambisiøs avskytingsplan. Det blir søkt om ei årleg kvote på 360 hjort. Så mange hjorteløyve har ein ikkje hatt tidlegare i Skjåk og det er derfor sær usikkert korleis fellingsprosenten blir. Det blir viktig å utnytte den lange jakttida ein har på hjorten og organisere jakta slik at hjorten kan bli jakta på der den er til ei kvar tid.

Det er fornuftig å legge opp til ein avskytingsmodell som gjer det enkelt for jegerane å kunne felle hjort (t.d. kategorien kalv/ungdyr/8 taggar). Høgt uttak av vaksen hind må også til om ein skal klare å redusere hjortestamma. Vi er også einige med bestandsplanområdet i at det er fornuftig å spare

store bukkar, slik at ein får fleire attraktive brunstområde og betre fordeling av hjorten utover i kommunen i ein større del av jakta. God fordeling av dyra vil bidra til meir effektiv avskyting.

Rådyr

Kvotene det er søkt om for neste periode har auka innan Skjåk Utmarksråd, medan i Skjåk Almenning er dei som tidlegare. Fellingsstatistikken tyder at rådyrbestanden i Skjåk var noko lågare i perioden 18-20 samanlikna med dei førre periodane (12-14 og 15-17). Det ser ut til at redusert bestand fører til mindre interesse for rådyrjakt og lågare fellingsprosent. Snømengde og innslag av gaupe er andre faktorar som påverkar rådyrbestanden. Valda har moglegheit til å redusere utdeling av jaktkort til jegerar om dei meiner at jaktuttaket blir for høgt. Vi ser derfor ikkje noko utfordring i å oppretthalde høg tildeling til valda sjølv om bestanden kan vera noko redusert.

I følge § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftsendringar vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Kommunen har lange tidsseriar med sett-elg og sett-hjort data og fellingsstatistikk for alle tre artane. Registrering av irregulær avgang blir ført systematisk. Til saman gjer dette eit godt kunnskapsgrunnlag.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var -prinsippet er ikkje naudsynt å bruke.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Effekten av planen er vurdert som positiv for utviklingen av hjorteviltbestandene og dei konsekvensane det har for naturmangfaldet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikkje relevant i denne saka.

Innstilling:

Bestandsplan for 2021-2023 innan bestandsplanområde for Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd blir vedteke.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 16

Handsaming

Samrøystes

Vedtak

Bestandsplan for 2021-2023 innan bestandsplanområde for Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd blir vedteke.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 16